

Fiskeridirektoratet
postmottak@fiskeridir.no

INNSPEL TIL REGULERINGSMØTET NOVEMBER 2018
SAK 8/2018 - REGULERING AV FISKET ETTER TORSK NORD FOR 62 N° I 2019

Me viser til invitasjon, og sakslista, til reguleringsmøtet.

Pelagisk Forening ber om at kvantum til spesialordningar ikkje blir tatt «frå toppen», men frå dei gruppene som faktisk fiskar på dei enkelte spesialordningane.

Pelagisk Forening ber òg om at eventuelt overfiske blir avskrive kvantumet til gruppene som faktisk har overfiska.

Pelagisk Forening viser òg til uvisse om fiska kvantum blir ført korrekt i direktoratet sine register. Det er uvisst om ulike spesialordningane, strukturordningar, havarikvoteordning m. fl. fører til at fiska kvantum kan bli registrert på andre grupper enn gruppa kvotene faktisk tilhøyrar. Pelagisk Forening ber difor om at direktoratet syt for å avklara om at fiska kvantum blir registrert på rette grupper. Dersom det er feilføringar bør direktoratet gjera naudsynte tiltak for å sikra korrekte føringar.

Bergen: 22.10.18

Beste helsing

Pelagisk Forening

Ask Økland
Advokat